

Merknad, gjengivelse av telefonsamtale, Dags Maskin AS ved Arild Klokk

Dags Maskin AS, ved Arild Klokk, datert 01.06.2022

1. Spørsmål om lekeplassen på 7/31 også inkluderes i ny reguleringsplan. Nevnes at lekeplassen betjener noen boliger i dag, må vurderes hvor mange flere denne kan dekke.
2. Eiendomsgrensene mot nordøst på planområdet er ikke riktig i kommunens digitale kartdatabase. Eiendomsgrensen krysser ikke vegen Grebstadhagen, men følger sørsiden av vegen helt til grensen mot 7/312.

Norgeshus AS
Per Bortens vei 3
7223 Melhus

PlanID: 152820220005
Vår ref: 2022/115743
Dato: 10.06.2022
Org.nr: 985 399 077

Statens tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmiddel



UTTALE TIL VARSEL OM OPPSTART AV PLANARBEID FOR DETALJREGULERING GREBSTADHAGEN B8 SYKKYLVEN KOMMUNE

Viser til dykkar brev mottatt 1. juni 2022 med varsel om oppstart av planarbeid for Grebstadhagen 8B i Sykkylven. Fristen til uttale er sett til 30.06.2022.

Mattilsynet sitt ansvarsområde

Vår rolle i denne saka er å sjå til at drikkevassforsyninga og drikkevassomsyn vert ivaretatt i planleggingsfasen. I det ligg mellom anna å sikre at eksisterande vassforsyning ikkje blir negativt rørt ved, av nye tiltak. I tillegg sikre at nyetableringar får tilgang til tilfredsstillande drikkevatt i tilstrekkelege mengder.

Føremål

Ny detalj reguleringsplan for B8 skal legge til rette for bygging av bustader med tilhøyrande areal for leik, parkering og renovasjon. Det vert planlagt for etablering av 18 bueingingar.

Uttale frå Mattilsynet

Vi har vurdert tiltaket i ut i frå drikkevassomsyn. Vi kjenner ikkje til forhold som vil ha negativ innverknad på eventuell drikkevassforsyning eller øvrige av våre forvaltningsoppgåver i tilsynsområdet, og har derfor ingen merknader til saka.

Med helsing

Marianne Løseth Høydalsvik
seniorinspektør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur.

Kopi til Sykkylven kommune



Statens vegvesen

NORGESHUS AS
Postboks 161

7223 MELHUS

Behandlende enhet:
Transport og samfunn

Saksbehandler/telefon:
Vidar Neraas / 71274773

Vår referanse:
22/109604-3

Deres referanse:

Vår dato:
10.06.2022

Uttale til varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid – Grebstadhagen B8 – Sykkylven kommune – PlanID: 15282022005

Vi viser til brev datert 01.06.2022.

Saken gjelder

Formålet med planarbeidet er å legge til rette for ca. 18 boliger, lekeplass, parkering og renovasjon.

Statens vegvesens rolle i planleggingen

Statens vegvesen har ansvar for at føringer i Nasjonal transportplan (NTP), Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging, vegnormalene og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringer blir ivaretatt i planleggingen. Statens vegvesens samfunnsoppdrag er «å utvikle og tilrettelegge for et effektivt, tilgjengelig, sikkert, og miljøvennlig transportsystem».

Vi uttaler oss som forvalter av riksveg på vegne av staten, og som statlig fagmyndighet med sektoransvar innenfor vegtransport. Statens vegvesen sitt sektoransvar for vegnettet betyr at Statens vegvesen har et overordnet ansvar for at trafiksikkerhet, klima og miljøhensyn og helhetlig bypolitikk ivaretas i alle planforslag som berører samferdsel. Dette gir oss rett til å stille krav til både statlige, fylkeskommunale og kommunale veger, gater og løsninger for gående og syklende. Statens vegvesens rolle i denne saken er som

Vår vurdering

Så lenge området planlegges i samsvar med kommunedelplan for Ikornes, har vi ingen merknader til at det startes planarbeid her.

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Fylkeshuset, Julsundvegen 9, 3. etg.
6412 MOLDE

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

Vi vil fremheve viktigheten av å utrede og sikre at trafikksikre løsninger for mjuke trafikanter blir ivaretatt, blant annet trygg skoleveg. Om nødvendig må det stilles rekkefølgekrav, jf. plan- og bygningsloven § 12-7.

Vi har ellers ingen merknader i denne fasen av planarbeidet.

Transportforvaltning midt
Med hilsen

Linda Heimen
seksjonssjef

Vidar Neraas
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.

Kopi

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE, Postboks 2500, 6404 MOLDE
STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL, Postboks 2520, 6404 MOLDE
SYKKYLVEN KOMMUNE, Kyrkjevegen 62, 6230 SYKKYLVEN



NORGESHUS AS
Postboks 161
7223 MELHUS

Saksbehandlar, innvalstelefon
Jorunn Mittet Eriksen, 71 25 84 10

Sykkylven kommune

Detaljregulering for Grebstadhagen B8 - Eigedom 7/30

Fråsegn til varsel om oppstart av planarbeid

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Bakgrunn

Norges hus AS varslar oppstart av planarbeid for detaljregulering Grebstadhagen B8 gnr/bnr 7/30 m.fl. i Sykkylven kommune.

Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for bustader med tilhøyrande leik, parkering og renovasjon. I kommunedelplan for sentrum – Ikornes er planområdet avsett til bustadføremål. Foreløpige skisser viser utbygging med tomannsbustader og seksmannsbustader, parkering og tilhøyrande uteopphaldsareal.

Statsforvaltaren har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Samfunnstryggleik og klimatilpassing

Vi ser det skal gjennomførast ein risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) for planområdet, jf. plan- og bygningslova § 4-3. Analysen skal vise alle risiko- og sårbarheitsforhold som har betydning for om arealet er eigna til utbyggingsføremål, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging. DSB har utarbeidd ein rettleiar «*Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging*». Denne tilrår mellom anna at kommunen stiller kvalitetskrav til ROS-analysen.

Område med fare, risiko eller sårbarheit skal merkast av i kartet som omsynssone, jf. plan- og bygningslova § 12-6. Ved siste plannivå er det ikkje mogleg å skyve nærare avklaring av reell fare til byggesak. Kravet til ROS-analyse i pbl. § 4-3 vil då ikkje vere oppfylt.

Vi ser de er merksam på at «*Statlege planretningsliner for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing*» vedkjem planen. Denne seier mellom anna at ved planlegging av nye område for utbygging, fortetting eller transformasjon, skal det vurderast korleis omsynet til eit klima i endring kan sikrast. «[Klimaprofil Møre og Romsdal](#)» gjev eit kunnskapsgrunnlag for klimatilpassing i fylket.

Det er viktig at ROS-analysen inkluderer ei vurdering av kva effektar klimaendringar vil gje, om planområdet er utsett for klimaendringar, og vurdere konsekvensane klimaendring vil ha for planområdet og planlagde tiltak. Det bør leggjast vekt på gode heilskaplege løysingar og varetaking av økosystem og arealbruk med verdi for klimatilpassing som òg kan medverke til auka kvalitet i uteområde. Planar skal ta omsyn til behovet for opne vassvegar, overordna blågrøne strukturar og forsvarleg overvasshandtering. Det skal grunnleggjast dersom naturbaserte løysingar ikkje veljast. Miljødirektoratet har laga ein [rettlei](#)ar til korleis planar kan ta omsyn til klimaendringar.

Barn og unge

Omsynet til barn og unge skal ivaretakast i planlegging. Planomtalen må gjere greie for barn og unges interesser i nærområdet, også utafor planområdet. Planen må synleggjere kva type areal som er tilgjengeleg for denne brukargruppa, som til dømes opparbeidd leikeplass eller kvartalsleikeplass. Det må også gå fram av planen om det er trygg skuleveg frå dei planlagde bustadene.

Nesten all planlegging har innverknad på nærmiljø og oppvekstvilkår for barn og unge på kort eller lang sikt. Derfor er det viktig at dei som planlegg tek ekstra omsyn til barn og unge og deira behov. I saker som angår barn og unge bør barnetrakk og/eller deltaking frå barn, elevråd eller ungdomsråd nyttast som dokumentasjon.

Innafor planområdet må det settast av eigna leikeareal. Leikeplassen må vere breiare enn 10 meter og vere større enn 200m². For å ta omsyn til dei minste barna bør ikkje leikeplassen vere lenger enn 50 meter unna bustadeiningane. I føresegnene må det sikrast funksjonskrav og rekkefølgekrav om opparbeiding.

Leikeplassane bør få ein sentral plassering i bustadfeltet skjerma frå trafikk og anna fare. Gode leikeplassar gir godt bumiljø og kan fungere som møtestad for andre aldersgrupper. Alle vil nyte godt av attraktive fellesareal.

Statsforvaltaren har utarbeidd rettleiaren *Leikeplassar – lokalisering og utforming* som er tilgjengeleg på vår [heimeside](#). Her har vi oppsummert viktig regelverk og kva minimumskrav vi stiller til areal for barn og unge i reguleringsplanar. Vi oppfordrar kommunen til ikkje å låse seg til minimumskrava men finne enda betre løysningar for barn og unge i planarbeidet.

Universell utforming

Verdigrunnlaget for universell utforming er å legge til rette for at alle skal ha like moglegheiter for personleg utvikling, deltaking i samfunnet og livsutfolding.

Ved å tenke universell utforming kan vi gjennom planlegging skape løysningar som gjer det mogleg for alle å delta i samfunnet, uavhengig av livsfase og funksjonsnivå. For å sikre at omsynet til universell utforming blir tatt i vare i all planlegging står følgande i formålsparagrafen i plan og bygningslova:

«Prinsippet om universell utforming skal ivaretas i planleggingen og kravene til det enkelte byggetiltak. Det samme gjelder hensynet til barn og unges oppvekstvilkår og estetisk utforming av omgivelsene. For boliger skal prinsippet om universell utforming ivaretas gjennom krav til tilgjengelighet».

Vi føreset at dette blir fulgt opp i planarbeidet.

Konklusjon

Vi viser til merknadene over og ber om at dei vert tekne omsyn til i det vidare planarbeidet.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef-plansamordning

Jorunn Mittet Eriksen
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Fagsaksbehandlar

Samfunnstryggleik: Renate Frøyen, tlf. 71 25 84 15

Kopi til:

NVE VEST	Naustdalsvegen 1B	6800	FØRDE
SYKKYLVEN KOMMUNE	Kyrkjevegen 62	6230	SYKKYLVEN
MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE	Postboks 2500	6404	MOLDE
STATENS VEGVESEN	Postboks 1010 Nordre Ål	2605	LILLEHAMMER

Norgeshus AS
Postboks 161
7223 MELHUS

Vår dato: 23.06.2022

Vår ref.: 202211250-4 Oppgis ved henvendelse

Deres ref.:

Saksbehandler: Ole-Jakob Sande,
22959545, ojs@nve.no

NVEs generelle innspill til varsel om oppstart av detaljregulering for Grebstadhagen B8 - Gnr. 7 bnr. 30 i Sykkylven kommune

Vi viser til varsel om oppstart datert 01.06.2022.

Om NVE

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonal sektormyndighet med innsigelseskompetanse innenfor saksområdene flom-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser knyttet til vassdrag og grunnvann, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å bistå kommunene med å forebygge skader fra overvann gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk (urbanhydrologi). NVE gir råd og veiledning om hvordan nasjonale og vesentlige regionale interesser innen disse saksområdene skal tas hensyn til ved utarbeiding av arealplaner etter plan- og bygningsloven (pbl).

NVE vil prioritere å gi konkrete innspill og uttalelser til reguleringsplaner der det bes om faglig bistand til konkrete problemstillinger. På grunn av stor saksmengde i forhold til tilgjengelige ressurser har ikke NVE kapasitet til å gå konkret inn i alle varsler om oppstart til reguleringsplaner. Etter en faglig prioritering gir vi bistand til de kommunene som har størst behov.

NVEs generelle veiledning

NVEs [kartbaserte veileder for reguleringsplan](#) er en veileder som leder dere gjennom alle våre fagområder og gir dere verktøy og innspill til hvordan våre tema skal ivaretas i reguleringsplanen. Vårt innspill er at dere går gjennom denne kartbaserte veilederen og bruker den i planarbeidet. Forslagstiller har ansvar for at disse interessene blir vurdert i planarbeidet.

Vi anbefaler også at dere bruker våre nettsider for arealplanlegging. Her er informasjon og veiledning lagt opp etter plannivå, <https://www.nve.no/arealplanlegging/>



På NVEs internettsider finner dere også koblinger til veiledere og verktøy. Det ligger også mye arealinformasjon på [NVEs kartløsninger](#).

NVE sin oppfølging av planarbeidet

Kommunen må vurdere om planen ivaretar nasjonale og vesentlige regionale interesser, jf. [NVEs veileder 2/2017 Nasjonale og vesentlige regionale interesser innen NVEs saksområder i arealplanlegging](#).

Dersom planen berører NVEs saksområder, skal NVE ha tilsendt planen ved offentlig ettersyn. I plandokumentene må det gå tydelig fram hvordan de ulike interessene er vurdert og innarbeidet i planen. NVE prioriterer å gi innspill og uttalelser til reguleringsplaner der det bes om faglig bistand til konkrete problemstillinger. Alle relevante fagutredninger innen NVEs saksområder må være vedlagt planer som sendes på høring til NVE.

Dere kan ta kontakt med NVE dersom det er behov for konkret bistand i saken.

Med hilsen

Øyvind Leirset
Seksjonssjef

Ole-Jakob Sande
Senioringeniør

Dokumentet blir sendt uten underskrift. Det er godkjent etter interne rutiner.

Mottakere:

Norgeshus AS

Kopimottakere:

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL
Møre og Romsdal fylkeskommune
SYKKYLVEN KOMMUNE



Fra: [Asgeir Aarseth](#)
Til: [Espen Daaland Holmli](#)
Emne: VS: Fartsdumper
Dato: onsdag 29. juni 2022 08:15:14

Hei.

Merknad fra nabovarsling grebstadhagen regulering.
Se under

M.v.h

Asgeir Aarseth
Daglig leder
Ludviksen Bygg AS Norgeshus
Telefon 95270218

Øyravegen 9, 6230 Sykkylven
Sentralbord: 926 28 818
www.norgeshus.no/no/forhandlere/norgeshus-ludviksen-bygg

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Frank Loui Hansen <frank_loui@icloud.com>
Sendt: søndag 26. juni 2022 19:22
Til: Asgeir Aarseth <asgeir.aarseth@norgeshus.no>
Emne: Fartsdumper

Hei.

Vi krever fartsdumper i gata myravegen før husene deres er ferdig stilte.
Vi går i lag med velforeninga her på grebstad og skriver ein mail til.

Mvh Frank Loui Hansen

Fra: [Asgeir Aarseth](#)
Til: [Espen Daaland Holmli](#)
Emne: VS: 15282022005 Grebstadhagen B8
Dato: onsdag 29. juni 2022 15:34:48

M.v.h

Asgeir Aarseth
Daglig leder
Ludviksen Bygg AS Norgeshus
Telefon 95270218



Øyravegen 9, 6230 Sykkylven
Sentralbord: 926 28 818
www.norgeshus.no/no/forhandlere/norgeshus-ludviksen-bygg



Fra: Monica Kalvatn <monica.kalvatn@brunstad.no>
Sendt: onsdag 29. juni 2022 15:11
Til: Asgeir Aarseth <asgeir.aarseth@norgeshus.no>
Emne: VS: 15282022005 Grebstadhagen B8

Hei,
Sender mailen videre til deg, siden jeg får feilmelding på mailen til Espen

Med vennlig hilsen

MONICA

Fra: Monica Kalvatn
Sendt: onsdag 29. juni 2022 14.10
Til: espen.daaland.homli@norgeshus.no
Kopi: postmottak@sykkylven.kommune.no
Emne: 15282022005 Grebstadhagen B8

Hei,
Sender mail til dere ang oppstart av: «15282022005 Grebstadhagen B8»

Vi langs Myravegen har mottatt nabovarsel og lest høringa som ligg på <https://www.sykkylven.kommune.no/hoyringar-og-kunngjeringar/> ang oppstart av utbygging av

Grebstadhagen B8.

Slik vi har forstått så er det 18 nye boenheter som er planlagt på dette området. I verstefall så vil dette si 36 nye biler i feltet vårt.

Pr dags dato så er det 50 km/t fartsgrense i Myravegen. Vil si at dette er ett ganske så tettbygd strøk, med hus og innkjørsler rett ut i Myravegen langs hele veien.

Dette er nok også ei av dei siste rette strekningene du finner i bygda vår, og farta er på mange mer enn 50...

Med tanke på de barna (og voksne) som allerede bor her, og forhåpentligvis flere som vil flytte hit ønsker vi at dere nå også vedtar fartsregulerende tiltak (fartsdumper og en fartsreduksjon til 30 km/t). Vi vet også at når nye Sentrumsskolen åpner så vil også mange av barna fra Grebstadlia og Fauske krysse Grebstadvegen og gå langs Myravegen til skulen.

Det har vært søkt om fartsdumper før og fått avslag pga utrykningskjøretøy. Dette er ikke noen unnskyldning lenger da det er fartsdumper flere plasser i bygda og brannbilen må passere 1,2 eller 3 på sin tur ut av stasjonen...

Vi har ingen å miste – hverken barn eller voksne. Myravegen skal være en trygg plass å vokse opp og vi ønsker flere familier hjertelig velkomne.

Men da må kommunen og utbygger legge til rette for dette.

På vegne av alle beboere langs Myravegen

MONICA KALVATN

(Beboer og leder i Grebstadhagen Vel)

Fra: [Asgeir Aarseth](#)
Til: [Espen Daaland Holmli](#)
Emne: VS: Uttalelse til oppstart av reguleringsplanarbeid, Grebstadhagen B8, 15282022005
Dato: torsdag 30. juni 2022 07:51:56

Merknader fra naboene.

M.v.h

Asgeir Aarseth
Daglig leder
Ludviksen Bygg AS Norgeshus
Telefon 95270218



Øyravegen 9, 6230 Sykkylven
Sentralbord: 926 28 818
www.norgeshus.no/no/forhandlere/norgeshus-ludviksen-bygg



Fra: Tor Helge Frøysa <torhelge@norpost.net>
Sendt: onsdag 29. juni 2022 23:20
Til: Asgeir Aarseth <asgeir.aarseth@norgeshus.no>
Kopi: Hans Erik Stueflotten <hstue@hotmail.com>; toreinareliassen@gmail.com
Emne: Uttalelse til oppstart av reguleringsplanarbeid, Grebstadhagen B8, 15282022005

Hei Asgeir

Her kommer en uttalelse fra oss naboene.

Planinitiativet inneholder flere punkter som er av bekymring for oss.

Vi vil understreke at vi har vært klar over at det vil komme utbygging på den aktuelle tomten, og vi er i utgangspunktet ikke negative til at utbyggingen kommer. Samtidig hadde vi håpet at utbyggingen ville ta noe hensyn til eksisterende bebyggelse. Etter vår mening bærer planen preg av at utbygger er ute etter størst mulig fortjeneste på bekostning av bomiljø og livskvalitet til både naboer og beboere.

Utsikt/innsyn

All utsikt for oss vil for det meste forsvinne. Samtidig vil høyden gi innsyn inn i eksisterende hager fra begge seksmannsboligene. Dette vil naturligvis både redusere vår livskvalitet og senke verdien på våre boliger ganske mye. Samtidig er det vanskelig å se nøyaktig hvor store problemet blir, da planinitiativet ikke nevner hvilken høyde som er tenkt, kun at det skal være innenfor reguleringsplanens grenser. Verdt å nevne er at da 7/311 bygde hus, ble de pålagt å flytte

plassering av garasje og hus fordi dette ville gi en vegg på ca 12 meter for naboen bak. Her legges det opp til en vegg på over 22 meter lengde med opptil 9 meters høyde for hver seksmannsbolig.

Utnyttelse av tomten.

Vi vil protestere mot at planen legger opp til en høyere utnyttelsesgrad enn vedtatt i tidligere reguleringsplaner. En høyere utbyggingsgrad gir mindre luft mellom byggene. En lavere utbyggingsgrad vil etter vår mening også gi en bedre bokvalitet for beboere i de nye boligene. Vi mener også at seksmannsboliger strengt tatt ikke er småhus. Vi hadde foretrukket mindre bygg enn det som er foreslått. Vi kan ikke se noen annen grunn til dette enn at utbygger ønsker å maksimere antall boenheter for å få høyest mulig inntjening, uten hensyn til livskvalitet og bokvalitet.

Vi stiller oss også kritisk til at utbygger vil bygge lekeplass som ikke er tilknyttet selve boligtomten. Dette betyr at barna må krysse en vei med en fartsgrense på 50 km/t. I tillegg vil altså utbygger bruke dette området til å ytterligere øke utnyttelsesgraden på tomten der byggene faktisk ligger. Vi stiller spørsmål om dette er innenfor reguleringsplanens regler.

Plassering av boligene.

Alle boligene er plassert mot nord på tomten. Ved å fordele byggene mer jevnt, vil det hele bli mer åpent. Hvorfor utbygger velger å la området i sør ligge tomt skjønner vi ikke.

Manglende gangvei.

Vi forventer at den vedtatte gangveien mellom Grebstadhagen og Kagholvegen blir bygget. Denne var planlagt som innkjøringsvei for tomt 7/311 og 7/312. Innkjøring til 7/311 over 7/312 er noe som kun gjelder inntil gangveien er bygd, og er ikke regulert på noen måte. Det har hele tiden vært en forutsetning at denne veien skulle bygges. Eksisterende vei til husene er midlertidige i påvente av den lovede gangveien. Dette vil også fjerne uønsket trafikk som går over disse tomtene.

Boligtype

Vi ser ikke annen grunn til seksmannsboliger enn igjen å maksimere inntjeningen på utbyggingen. Generelt gir eneboliger/ tomannsboliger mer stabile beboere over tid, og vi hadde ønsket at utbygger heller fokuserte på dette. Mindre boliger vil også gi bedre utsikt og mer luft i området for alle.

Konklusjon

Vi er som sagt ikke negative til utbygging på tomten. Men håper og forventer at det blir tatt hensyn til eksisterende bygg og naboer samt tidligere godkjente reguleringsplaner. Ref. gangvei over 7/312 og 7/311. Vi er åpen for dialog for å kunne løse dette for begge parter.

Mvh.

Tor Helge Frøysa

For:

7/312 – Tor Helge Frøysa

7/311 – Hans Erik Stueflotten

7/96 – Tor Einar Eliassen



Møre og Romsdal
fylkeskommune

NORGESHUS AS
Postboks 161
7223 MELHUS

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	01.06.2022	69422/2022/REGULERINGSPLAN/1528	Ingeborg Forseth, 71 28 01 55	30.06.2022

Sykkylven kommune - detaljregulering - reguleringsplan for Grebstadhagen B8 - gbnr 7/30 - fråsegn ved oppstart

Fylkeskommunen utgjer det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde.

Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvaltning, naturressursforvaltning og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.

[Fylkeskommunens planverk](#) er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.

Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av [regionalt planforum](#). Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentleg ettersyn.

Saka gjeld oppstart av planarbeid for detaljregulering av Grebstadhagen B8. Formålet er å legge tilrette for bustader, leikeplass, parkering og renovasjon. Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå våre ansvarsområde følgande innspel:

INNSPEL TIL PLANARBEIDET

Samferdsel

Det må i planprosessen bli gjort vurderingar knytt til trygg ferdsel for mjuke trafikantar frå planområdet fram til viktige funksjonar som til dømes barnehage, skole, butikkar med meir. Omsyn som trygg skoleveg og kollektivtransport må også bli vurdert i den vidare planprosessen, og eventuelle behov for utbetring, tryggingstiltak eller liknande må bli sikra gjennomført som rekkefølgjekrav for utbygging.

Automatisk freda kulturminne

Vi vurderer planområdet til å ha høgt potensial for automatisk freda kulturminne, særleg i form av tidleg jordbruksbusetnad. På gbnr 7/44 vart det i 2014 registrert eit busetjings- og aktivitetsområde frå førromersk jernalder med funn av 63 strukturar i form av stolpehol, eldstadar, kokegroper og dyrkingsspor. Lokasjon og høgde over havet er også faktorar som gjer at det kan vere potensiale for funn av automatisk freda kulturminne i omsøkt område. Vi vil på bakgrunn av desse opplysningane stille krav om arkeologisk registrering, jamfør § 9 i Kulturminnelova (KML).

Budsjett

Vi gjer merksam på at tiltakshavar må dekkje utgiftene ved ei slik undersøking, jamfør KML §§ 9 og 10. Kulturavdelinga ber om skriftleg aksept på vedlagte budsjett, i tråd med dei nasjonale retningsliner for budsjettering av slike arkeologiske registreringar. Budsjettet er eit maksimumsbudsjett. Vesentlege uføresette forhold kan gje grunnlag for utarbeiding av nytt budsjett. Vi minner om at det vert fakturert med timepris for det året registreringa er gjennomført, sjølv om budsjett er satt opp med timepris for eit tidlegare år. Dei ny satsane gjeld frå 02.06.2021.

Gjennomføring

Det vil i dette området vere aktuelt å sjakte med maskin etter buplassar, graver og andre automatisk freda kulturminne under markoverflata. Vårt budsjett omfattar ikkje kostnader til gravemaskin og førar. Ved ønske kan vi hjelpe til med å skaffe dette til veie, men rår elles til at tiltakshavar sjølv ordnar dette. Gravemaskina bør helst vere 8-12 tonn, og ha vribar skuff med flat skjær på minst 1,20 m breidd. Vi gjer merksam på at eventuell tilsåing og reparasjon av gjerder, grøfter og vegar er tiltakshavars ansvar viss ikkje anna er avtalt.

Vi rår til at registrering vert gjennomført så tidleg som mogleg i planprosessen. Eventuelle funn kan få innverknad på korleis planen vert utforma. Om ein utsett registreringa til planen er ute til offentleg ettersyn, kan dette forseinke saksgangen fram mot endeleg planvedtak

Ved tinging og aksept av budsjett vert det føresett at tiltakshavar klarerer forholdet til grunneigarar, brukarar og eventuelt andre omsyn. Ved bruk av gravemaskin føreset vi også at tiltakshavar klarerer forholdet til eventuelle kablar, vassleidningar m.m. Vi ber også om namn og adresse på mottakar av faktura. Fakturadresse må vere ei e-postadresse, fortrinnsvis ei firma-adresse.

Barn og unge

Vi føreset at ein gjennom planarbeidet sikrar uteareal for felles opphald og leik på ein slik måte at dette arealet får tilstrekkeleg storleik, utforming og plassering i forhold til bygg, tilkomst og parkering. Det er viktig også å sikre gode lys og solforhold. Utearealet skal vere eigna opphaldsstad for bebuarar på bakkeplan. Alle einingar skal ha tilgang til arealet, som skal kunne nyttast av alle, vaksne som barn. Vi vil særskilt understreke plassering i forhold til bygg, fordi dette føreset at ein i reguleringsplankartet fastsett kor dei ulike planføremåla skal vere, gjennom avgrensing av dei ulike føremåla, samt bruk av byggegrense m.m.

Det må bli innarbeid rekkjefølge i føresegna som sikrar opparbeiding. Opparbeiding må vere knytt til ferdigattest for første bueining. Når det gjeld nærare utforming og plassering av areal for opphald og leik, rår vi til at ein ser nærare på utformingskrava i Rikspolitiske retningsliner for å styrke barn og unges interesser i planlegging/rundskriv T-2/08.

Universell utforming

Universell utforming er utforming av omgjevnader på ein slik måte at dei kan nyttas av alle menneske, i så stor utstrekning som mogleg, utan behov for tilpassing og spesiell utforming. Nærmiljø er ein viktig arena for leik, møte naboar, skape trivsel og tillit, og utforming av nabolag kan vere med på å leggje til rette for økt sosial kapital. Nokre tips til universelt utforma uteareal kan ein finne her:

<https://www.ks.no/contentassets/b3b7ed461beb434f8615c0c92a5a1f1e/UUOpparbeidetUteareal.pdf>

KONKLUSJON

Vi stiller **krav om arkeologisk registrering** jamfør § 9 i Kulturminnelova.

Ut frå oversendinga ser framlegget elles ut til å vere i samsvar med gjeldande kommuneplan, og vi har ikkje merknad til at reguleringsprosess vert igangsett. Vi ber om at våre innspel ovanfor blir tatt med i det vidare planarbeidet.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Ingeborg Forseth
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur

Fagsaksbehandlar

Automatisk fredda kulturminne: rådgivar/arkeolog Susanne Busengdal tlf. 98 63 17 74

Vedlegg: § 9 budsjett gbnr. 7/30 Grebstadhaugen B8

Kopi:
Sykkylven kommune
Statens vegvesen
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
NVE

Budsjett arkeologisk registrering

Møre og Romsdal fylkeskommune						
Saksnr.	2022/8921	Saksbeh.:	Susanne Busengdal			
Prosjektnr.				Dato:	15.06.2022	
Sted/ gård, kommune	Grebstadhaugen B8 gbnr 7/30, Sykkylven kommune					
Tiltakshaver	Norgeshus AS					
Adresse						
LØNSKOSTNADER						
timekostnader	timer	à kr	direkte lønn	sos.utg.	sum	
				47 %		
Forarbeid	7,5	kr 340,00	kr 2 550	kr 1 199	kr 3 749	
<i>Delsum</i>	8		kr 2 550	kr 1 199	kr 3 749	
Feltarbeid	112,5	kr 360,00	kr 40 500	kr 19 035	kr 59 535	
<i>Delsum</i>	113		kr 40 500	kr 19 035	kr 59 535	
Etterarbeid	60	kr 340,00	kr 20 400	kr 9 588	kr 29 988	
<i>Delsum</i>	60		kr 20 400	kr 9 588	kr 29 988	
Sum lønnskostnader	180		kr 63 450	kr 29 822	kr 93 272	
Indirekte kostnader	60 % av timekostnader				kr 55 963	
DRIFTSKOSTNADER						
	antall	à kr				
Kost	15	kr 801,00	kr 12 015			
Losji	15	kr 1 000,00	kr 15 000			
Reiseutlegg	Drivstoff, ferje, bompenger etc.			kr 3 000		
Leiebil el. tilsvarende	750 kr pr døgn			kr 11 250		
Sum reise, kost og losji				kr 41 265		
Forbruksmateriell og utstyr	(10 %)			kr 14 923		
Sum driftskostnader				kr 56 188		
KJØP AV TJENESTER						
Gravemaskin						
Annet teknisk utstyr						
<i>Delsum</i>						
Naturvitenskapelige analyser						
14C	5 stk. á 5100 kr per prøve			kr 25 500		
annet	Andre vit.sk. analyser (treartsbest., pollenprøver etc.)			kr 10 000		
<i>Delsum naturvitenskap</i>				kr 35 500		
Andre konsulenttjenster						
Sum kjøp av tjenester				kr 35 500		
Håndtering av funn, prøver og dokumentasjonsmateriale (inntil 10 % av lønnskostnader)						
Universitetsmuseet i Bergen				5 %	kr 4 664	
SUM BUDSJETT (maksimum)				kr 245 586		